Språkrådet

Skriv me norsk i Noreg om femti år?

Åse Wetås
direktør i Språkrådet
Jæren senioruniversitet, 28.11.24

Innleiing

- Kort om Språkrådet.
- Norsk språk og språkleg mangfald i Noreg.
- Den norske språkpolitikken.
- Prioriterte arbeidsfelt.



Språkrådet

Språkrådet

- Statens forvaltningsorgan i språkspørsmål.
- Forvaltar lovverka på språkfeltet.
- Samordnar den sektorovergripande norske språkpolitikken.
- Normerer bokmål og nynorsk og gjev råd i språkspørsmål.



Dette gjer me *ikkje*!

- Språkrådets oppdrag omfattar ikkje talespråk.
- Språkrådet avgjer ikkje kva ord som er “tillatne” eller “forbodne” i norsk.
- Språkrådet lagar ikkje nye norske ord eller termar.



Språkrådet

Kvifor er språket vårt så viktig?







Språkrådet

Ein tilstandsrapport for norsk språk

- Norsk (med skriftspråka nynorsk og bokmål) er blant dei ca. 100 mest brukte i verda.
- Norsk er hovudspråket og nasjonalspråket i Noreg.
- Det er eit politisk mål at norsk skal kunna brukast og vera i faktisk bruk på alle samfunnsområde.



Er norsk språk truga?

- Faren er ikkje at norsk skal bli borte, men at det kan utvikla seg til kjøkkenbordspråk.



Er norsk språk truga?







Språkrådet

Er norsk språk truga?

Ung-dommens skuld?



Utgangspunktet for den norske språkpolitikken

§ 100, første ledd:

Ytringsfridom skal det vere

(*Ytringsfrihet bør finne sted*)

§ 100, sjette ledd:

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for **eit ope og opplyst offentleg ordskifte**.



Hovudmåla for den norske språkpolitikken på 2000-talet

- Norsk skal vera eit samfunnsberande språk.
- Nynorsk og bokmål skal vera likestilte skriftspråk.
- Det norske språkmangfaldet skal vernast og fremjast.



Språkrådet

Lov om språk (2022)

§ 1 *Føremål*

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikre at

a) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk
b) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
c) offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Ansvaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 108 L

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Lov om språk (språklova)

Språkrådet

Den sektorovergripande språkpolikken

- St.meld. 108 L (2019-2020): «Alle departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.»
- Språkpolitikken er som likestillingspolitikken eller klima- og miljøpolitikken.
- Språkrådet har ansvar for operasjonalisering og samordning.



Strategisk prioriterte arbeidsfelt

- Språkteknologi på norsk (bokmål, nynorsk, norske dialektar).
- Norsk språk i kunnskapssektoren.



Norsk språk i kunnskapssektoren

«***Mechanistic*** strukturer bruker ***individual specialization*** der ***organic*** strukturer har ***joint specialization***. ***Managers*** evne til å velge det beste alternativet i en ***decision-making process*** svekkes av ***bounded rationality, opportunistic behaviour*** og ***specific assets***.»

(eksamenssvar, NHH)



Språkrådet

Strategisk prioriterte arbeidsfelt

- Språkteknologi på norsk (bokmål, nynorsk, norske dialektar).
- Norsk språk i kunnskapssektoren.
- Godt, klart og målgruppetilpassa språk når staten møter innbyggjarane.



Strategisk prioriterte arbeidsfelt

- Språkteknologi på norsk (bokmål, nynorsk, norske dialektar).
- Norsk språk i kunnskapssektoren.
- Godt, klart og målgruppetilpassa språk når staten møter innbyggjarane.
- Godt, klart og pasientvennleg språk i helse- og omsorgssektoren.



Språkrådet

Kunstig intelligens og språkteknologi



Språkteknologi

- All automatisert behandling av menneskelig språk.
- Rundt oss på alle kantar (talegjenkjenning, talesyntese, retteprogram, teksting osv.).
- I sentrum for ordskiftet etter lanseringa av ChatGPT.



- Tapar me språket vårt med teknologiutviklinga?



- Status for språkteknologistøtte (European Language Equality, 2023)



Språkrådet

Kunstig intelligens og store språkmodellar

- Staten satsar nå på utvikling av opne språkmodellar som er gode i norsk.
- Modellane må kunna formidla norske haldningar og verdiar og norsk språk på ein god måte.
- Viktig for **tillit**, **transparens** og **demokrati**, og nødvendig for **tryggleik** og **beredskap**.



Norsk tapar terreng blant barn og unge

- Engelsk er språket barn og unge brukar mest når dei ser film og seriar eller er på sosiale medium.
- Fragmentert medieoffentlegheit.
- Behov for god tilgang til norskspråkleg kvalitetsinnhald i kanalane der barn og unge er. Viktig for lese- og skrivekunne, og viktig for demokratiet vårt.



Sluttord

- Det står *basically* godt til med norsk språk.
- Samfunnet vårt treng sterk opprusting av lese- og skrivekunne.
- For at språket vårt skal leva og ha høg status, må det brukast over alt i samfunnet.



Språkrådet

Takk for merksemda!